



## Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

### Funksjon og ansvar for ressurssjukepleiar og næreste leiar

Funksjonsbeskrivinga byggjer på følgande dokument:

- Avtale om drift av nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen HF sitt føretaksområde
- Strategi for nettverket 2021 – 2024

#### Formålet

*Bidra til å heva kompetanse og betra samhandling på alle nivå i helse- og omsorgstenesta. Slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørande, opplever tryggleik og mottar gode og heilsakaplege helse- og omsorgstenester.*

#### Krav til kvalifikasjon

Sjukepleiar som er villig til å vidareutvikla sin fag- og samhandlingskompetanse, og som forpliktar seg til å vidareformidla kunnskap, ferdigheter og haldning til kollegaer og samarbeidspartnarar.

#### Ressurssjukepleiar sitt ansvar og oppgåver

##### Faste oppgåver i nettverket

- dersom ein er ny i funksjonen, delta ein gong på introduksjonskurs
- informera leiar i god tid om nettverksmøter og årleg fagdag
- delta på lokale nettverksmøter
- gi tilbakemelding til gruppeansvarleg dersom ein ikkje har høve til å delta på eit nettverksmøte
- delta på felles årleg fagdag
- forplikta seg til årleg møte med leiar for å utarbeida og setja i verk eigen arbeidsplan. Arbeidsplanen tar utgangspunkt i årsplanen for nettverket og behova på arbeidsstaden
- aktivt bidra med aktuelle tema og problemstillingar til nettverket
- dela nyhendebrev og referat frå samlingar i nettverket med leiar
- svara på årleg elektronisk rapport om funksjonen sin
- informera sin gruppeansvarleg/nettverksansvarleg/sekretær på KLB om evt. endringar som skal førast i pallnet.no (t.d. vidareutdanning, ny leiar m.m.)
- meld frå til gruppeleiar/nettverksansvarleg ved permisjon og når funksjonen vert avslutta

### **Klinisk arbeid – pasientnær funksjon**

- streve etter å ha oversikt over kreftpasientar og pasientar med trøng for lindrande behandling i eiga sone/avdeling
- bruka verktøy og retningsliner som vert tilrådde i Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging og pleie av denne pasientgruppa
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging av pårørande
- undervisa eller veileda kollegaer i aktuelle pasient-/pårørandesituasjonar
- ta initiativ til erfaringsutveksling og refleksjon på eigen arbeidsstad
- ha rolla som koordinator for individuell plan der dette er naturleg

### **Samhandling og systemarbeid**

- i samarbeid med leiar, bidra til at aktuelle retningsliner og tilrådde verktøy vert tatt i bruk på eigen arbeidsstad
- bidra til god kontinuitet og tverrfagleg samhandling i pasientforløpa
- vera kontaktpunkt mellom nettverk og palliative tiltak i sitt område, t.d. sjukehuset sitt palliative team
- streve etter å ha oversikt over aktuelle tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling
- dela informasjon om aktuelle tilbod frå samarbeidspartar, som m.a. Kreftforeningen
- bidra til at pasientforløp vert brukt på arbeidsstaden

### **Kompetanseheving**

- aktivt arbeida med å heva si eigen kompetanse i kreftomsorg og lindrande behandling, jfr. Kompetanseplanen for nettverket
- i samarbeid med leiar, bidra med systematisk deling av kompetanse til kollegaer
- halda seg oppdatert på KLB sine nettsider
- gjera seg kjent med ny og relevant forskingskunnskap

### **Leiar sitt ansvar og oppgåver**

- å gjera seg kjent med nettverksavtalen
- å ha årleg møte med ressurssjukepleiar for å planleggja og evaluera arbeidsplan
- å gi ressurssjukepleiar støtte, tid og ressursar til å utøva sin funksjon i medhald til avtalen for nettverket og denne funksjonsbeskrivinga
- å gi ressurssjukepleiar høve til å delta på lokale nettverksgruppemøte i nettverket og årleg fagdag
- leggja til rette for at ressurssjukepleiar kan delta på aktuelle kurs/konferansar og i hospiteringsprogram